

Kven passer på naturen?

Om roller

# Ulike samfunnsområde styrast ulikt

- Avkøyringar
  - Rasfare
  - Flaum
  - Universell utforming
  - Tippemiddeltildeling
  - Fornminne
- 
- På mange område er det nokon som bestemmer kva kommunen skal bestemme.

# Natur – kommunen rår

- Så lenge kommunen følgjer dei grunnleggande spelereglane, så kan kommunen gjere vedtak om fjerning av natur, med 5 mot 2 røyster, for å seie det litt brutalt.
- Kven passar på kommunen?
- Naturen har ikkje sjølv ei stemme, så Naturvernforbundet ser det som ei oppgåve å gje naturen ei røyst.

# Naturvernforbundet – friviljug organisasjon


- Menneske som er glad i natur og opptatt av natur. Ca. 50 medlemmer i Tingvoll. Folk har ulike grunner for å vere medlem, men alle er opptatt av at naturen blir tatt vare på.
- Når kommunen er øvste naturmynde, er det naturleg å følgje med på kva kommunen gjer på området, så langt vi rekk.

# Naturmangfaldlova – slik skal naturen forvaltast

- Lova kom i 2009.
- Viss tiltak kjem i kontakt med natur, skal ein vite kva slags natur som blir råka.
- Ein skal vite kva verknad tiltak får.
- Ulike tiltak og løysingar skal vurderast mot kvarandre.
  
- Det er slutt på den tida då ein gjer vedtak om å rydde ut den siste dinosauren utan å vite noko om det.

# Fag eller politikk

- Ei utgreiing i ei sak slik naturmangfaldlova legg opp til vil vere klarlegging av fakta på fagleg grunnlag.
- Politikarane har si oppgåve å vurdere politisk kva resultatet skal bli på dette grunnlaget.
- Saker som ikkje er utgreidd på skikkeleg vis vil Naturvernforbundet vurdere med omsyn til klage.
- Den politiske vurderinga er sjeldan aktuell å klage på viss den faglege utgreiinga er gjort skikkeleg.



## Artskart

Ein database som må fyllast med opplysningar for å gje noko tilbake. Det er over 150 000 registreringar i Tingvoll.


# Ingenting på Artskart

- Når det ikkje er noko på Artskart, kan det skuldast:
  - At kartutsnittet er frå Antarktis
  - Eller frå midtsirkelen i kunstgrasbana
  - Eller at det ikkje har vore kartlagd noko.
- 
- Ein viktig detalj som sakshandsamar må gjere vurderingar av.



# Naturbase.

Dei grøne lokalitetane veit vi noko om. Resten er anten ikkje undersøkt, eller mindre verdifulle.



Bruk av artskart.  
Gulsildre frå Artskart.  
Arten fortel at grunnen er  
noko basisk. Då bør ein  
undersøke nøyare.



# Naturvernforbundet sine ønskje

- Administrasjonen tar eit kurs i naturmangfaldlova
- Administrasjonen bruker naturmangfaldlova, slik at saksframlegg leverer det som skal til.
- Politikarar som har framlegg til alternative vedtak passer på at aktuelle utgreiingar etter naturmangfaldlova er tilgjengeleg og kjent før det er aktuelt å gjere vedtak.


# Naturvernforbundet leverer 1

- Av dei meir enn 150 000 registreringane på Artskart i Tingvoll, har underteikna lagt inn over 100 000. Vær så god.
- Sakshandsamarar med god biologisk kompetanse vil med desse opplysningane ofte vite ein del om naturen i eit område. Men misbruk dei ikkje. Registreringar i eit område treng ikkje vere utfyllande eller typisk for området. Dette må vurderast nærare, og det hjelper med biologisk kompetanse.
-

# Naturvernforbundet leverer 2

- For nokre år tilbake gjorde Naturvernforbundet og kommunen ei avtale om at Naturvernforbundet skulle få skogsvegsaker til uttale. I løpet av ein periode leverte Naturvernforbundet fråsegner i kring 15 slike saker. Det skjedde i løpet av 2 - 3 veker frå saka var kjent.
- Det blei påvist nokre nye naturtypelokalitetar med forslag om å halde unna desse.
- Kommunen rekna nok desse sakene som tilstrekkeleg kartlagde. Det spara nok skogeigarane for 10 000 – 20 000 kroner pr. prosjekt.
- For ein friviljug organisasjon blei det litt i overkant av det vi kunne halde gåande over tid.



The background image shows a lush green forest with tall evergreen trees. In the foreground, a grassy clearing is visible where several people, including children, are engaged in an activity. Some are standing, while others appear to be working with long wooden poles or stakes in the ground. The overall scene suggests an outdoor educational or recreational activity in a natural setting.

Naturvernforbundet leverer 3  
I samarbeid med  
skulen og museet har Naturvernforbundet  
6 undervisningsdagar  
i året om beitemark, slåttemark og attgroing.

---

# Naturvernforbundet leverer 4

- Naturvernforbundet driv skjøtselsslått på 5 slåttemarkslokalitetar i Tingvoll, og medverkar på ytterlegare nokre fleir. Dette er utvalde naturtypar som kommunen har eit visst ansvar for å ta vare på. Så kan kommunen bruke tida på andre slåttemarker.



# Naturvernforbundet leverer 5

- Naturvernforbundet har god kompetanse på framande artar. Vi driv med informasjon til private og andre i Tingvoll når vi har høve.
- 100 artar blei presentert gjennom to år i eit samarbeide med Aura Avis.

